



## Statens vegvesen

Trond Hop  
Tingsurdtg. 8  
6993 HØYANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Hilde Gunn Stenseth /  
56520207

Vår referanse:  
16/102576-9

Dykkar referanse:

Vår dato:  
01.09.2016

### Statens vegvesen sitt svar på søknad om avkøyrsløse og parkering – Fv. 314 – Gnr. 250 bnr. 13 – Voss kommune

Vi syner til søknad dagsett 22.07.2016 frå Trond Hop.

#### Avkøyrsløse

##### **Vedtaket:**

Statens vegvesen godkjenner på vilkår søknaden om avkøyrsløse frå fylkesveg 314, Hp 2, Km 6,459 til eidedomen gnr. 250 bnr. 13. Vedtaket er gjort med heimel i veglova §§ 40 og 43.

##### **Vilkår for løyvet:**

Statens vegvesen har etter ei samla vurdering av vegtekniske tilhøve og trafikksikringsomsyn sett desse vilkåra for løyvet:

1. Løyvet er gjeve i samsvar med Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkøyrsløse frå offentlig veg gitt av Vegdirektoratet 16.7.1964 og Forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløse saker for riksveg gitt av Samferdselsdepartementet 26.2.1982.
2. Løyvet gjeld kun for den staden som er nemnt foran og i samsvar med vedlagde "Krav til utforming av avkøyrsløse".
3. Løyvet gjeld for dette/desse føremål(a): Tilkomst til fritidsbustad på gnr. 250 bnr. 13.

4. Eigaren eller brukaren av avkøyrsla som løyvet gjeld for, har ansvar for at frisikt og andre krav til avkøyrsla til ei kvar tid er oppfylt, jf. veglova § 43. Dersom ikkje dette skjer, kan avkøyrsløyvet bli trekt tilbake. Krav til frisikt er 4 meter inn frå kvitstripe/asfaltkant og 100 meter i kvar retning. Det skal også vera 100 meter fram- og bakoversikt.
5. Det må opparbeidast tilfredsstillande snu- og manøvreringsareal inne på eigen eigedom slik at ein unngår rygging ut på offentleg veg.
6. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Privatrettslege tilhøve med omsyn til nabo- og eigedomstilhøve knytt til bruk og opparbeiding av avkøyrslé, frisiktsoner og tilkomstveg må søkaren sjølv ivareta og skaffe seg rett til. Slike rettar bør tinglesast.
7. Fører avkøyrsla over veggrøft, må det leggast stikkrenne med diameter på minst 300 mm og i tilstrekkeleg lengde, sjå vedlegg *Krav til utforming av privat avkøyrslé*.
8. Før arbeidet med avkøyrsla startar opp, må Statens vegvesen bli kontakta for eventuell varslingsplan. De kan ta kontakt via e-post på [voss-arbeidsvarsling@vegvesen.no](mailto:voss-arbeidsvarsling@vegvesen.no). Slik plan skal vere godkjend av Statens vegvesen minimum fem – 5 – virkedagar før arbeidet skal starte.
9. Så snart avkøyrsla er bygd må vedlagde skjema "Bekreftelse *på opparbeidet/nybygd avkjørsel*" underskrivast og returnerast.
10. Opparbeida avkøyrslé skal vere godkjend av Statens vegvesen før øvrige byggearbeid vert sett i gang/igangsettingsløyve vert gjeve. Endeleg godkjenning vil bli sendt til søkar med kopi til kommunen.
11. Løyvet fell bort dersom ikkje arbeidet med avkøyrsla er sett i gang innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt.

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jfr forvaltningslova §§ 28–36.

Dersom du ynskjer det, har du høve til å sjå dokumenta i saka.

Vedlegg:       Bekreftelse på opparbeidet/nybygd/endret avkjørsel  
                  Krav til utforming av privat avkøyrslé

**Byggegrense****Vedtaket:**

Med heimel i veglova § 29 og 30 gir Statens vegvesen dispensasjon frå byggegrensa for oppføring av fritidsbustad på eigedomen.

**Vilkår for dispensasjonen:**

Statens vegvesen har etter ei samla vurdering funne å kunne gi dispensasjon frå byggegrense på fylgjande vilkår:

Minste avstand frå bygning (medrekna takutspring) til senterline køyreveg/ev. gang- og sykkelveg må vere 32 meter. Dispensasjonen gjeld for Fv. 314, Hp 2, Km 6,412.

Tiltakshavar må sjølv syte for naudsynte tiltak med omsyn til skjerming mot støv/støy frå vegen slik at grenseverdiane i Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-1442 tilfredsstillast. Slike tiltak må handsamast som ein del av byggesaka i kommunen.

Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigen eigedom for å unngå rygging ut på offentlig veg.

Bygninga og arealet må ikkje takast i bruk til andre føremål enn det som går fram av vilkåra i denne dispensasjonen.

Dispensasjonen inneber at det seinare ikkje kan gjerast gjeldande karv på erstatning for skadar og ulemper som eventuelt blir påført bygninga/tiltaket på grunn av nærleiken til fylkesvegen.

Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, elles fell dispensasjonen bort.

Det er eit vilkår for dispensasjonen at det blir gitt naudsynt godkjenning frå kommunen.

**Bakgrunn for vedtaket:**

Byggegrenser skal ivareta omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ev utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

**Rett til å klage:**

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jfr forvaltningslova §§ 28–36.

Dersom du ynskjer det, har du høve til å sjå dokumenta i saka.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger  
Med helsing

Carl Erik Nielsen  
Seksjonssjef


Hilde Gunn Stenseth  
Senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*


Kopi  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Voss kommune, Postboks 145, 5701 VOSS

# PRINSIPPSKISSE


## Krav til frisikt for avkjørsla :



## Krav til svingradius for avkjørsla :



## Krav til lengdeprofil for avkjørsla / tilkomstveg :



Statens vegvesen, Plan og Forvaltning, Voss og Hardanger

**HORDALAND**

Jnr. 16/102576

Ark.nr.

Sak/dokument nummer

## MELDING OM OPPARBEIDD/NYBYGD/ENDRA AVKØYRSLE

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå riksveg , hp , km , no er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fast sett i samtykke dagsett .

.....  
Stad/dato underskrift søker/grunneigar

.....  
Underskrift utførande entreprenør

Meldinga sendast til:

Statens vegvesen, region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

eller til [fimapost-vest@vegvesen.no](mailto:fimapost-vest@vegvesen.no)